

## Solstråla-møte nr.1/2024

### Jondal kyrkjelydskontor 22.april 2024, kl.18-19

Frammøte: Ida Sofie, Synnøve, Cristina, Ingrid (vara for Christine)

#### **1) Godkjenning av innkalling og sakliste:**

Innkalling og sakliste godkjent.

#### **2) Konstituering av styret 2024:**

Nytt styre vart valt på årsmøtet 14.mars. Styret konstituerte seg slik på styremøtet:

Leiar- Anne Karin Stormyr

Nestleiar- Cristina Solohova

Skrivar- Ida Sofie Holmen

Kasserar- Synnøve Eiken

Styremedlem- Christine Fauskanger Molven

**3) Semesterplan** for våren: Vi gjekk gjennom planen for resten av våren. I juni satsar vi på ein familiekonsert. Og elles, dersom kulturskulen har eigen konsert, syng vi gjerne der + evt. ei songstund på Vikevollen. Og kanskje får vi til korovernatting på Kvåle som avslutning?

#### Til semesterplan for hausten/ evt. neste vår:

Laurdag 19.oktober inviterer Ung Kirkesang til kortreff (dagstreff) i Jondal kyrkje og vi i Solstråla blir vertskap.

Søndag 3.november blir Solstråla med på jubieumskonserten Hovland i 100 i Jondal kyrkje, der vi feirar komponisten Egil Hovland som har 100års-jubileum.

? Frå vi til ein konsert tidleg haust-24, eller evt tidleg vinter-25 med gruppa Naboen min. Anne Karin tek kontakt med Bjørnar Sangolt og Vegar Markhus.

**4) Familiekonsert i Jondal kyrkje** måndag 10.juni kl.17, evt. måndagen etter. Solstråla har søkt om stønad til konserten frå Sparebanken Vest.

Vi legg opp til ein konsert der Solstråla syng litt både åleine og vi har allsong. Og vi inviterer familie til også å vere aktivt utøvande på konserten, kanskje kompe oss på piano, med gitar eller anna, kanskje synge saman med barnekoret på eit eller fleire songar. Ida Sofie Holmen syng 1-2 soloar vokal/gitar, og ho kan kompe koret med gitar.

Felles kveldsmat i kyrkja etter konserten. Kva mat og kven organiserer, lagar til? Anne Karin har kontakt med styret pr sms, for å lande ei ordning på dette.

**5) Hovland i 100: Søndag 3.november** lagar vi ein konsert i Jondal kyrkje saman med Jondal Grendakor og feirar 100årsjubileum for Egil Hovland. Hovudoppgåva til Solstråla der blir 1-2 bibelspel + Måne og sol og 1-2 av dei andre barnesalmene Egil Hovland har komponert melodi til.

#### **6) Økonomi**

Solstråla v/Anne Karin har sendt årsrapport til Ung Kirkesang og har søkt om frifondmidlar for 2024

Solstråla søkte 27/3 om kr. 10000,- frå Ullensvang kommune i kulturmidlar.

Solstråla søkte 31/3 om kr. 20000,- frå Sparebanken Vest til familiekonsert med festmåltid.

**7) Nye T-skjorter til familiekonserten?** Anne Karin sjekkar med leveringstid med trykkeriet som leverte dei turkise T-skjortene. Og den eldste gruppa får vere med å bestemme farge, vi tek det opp på øvinga 23/4.